

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.04.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Internkontroll og risikostyring i Helse Vest RHF**

Arkivsak
2007/610/016
Styresak 044/08 B

Styremøte 07.05. 2008

Bakgrunn:

Helse- og omsorgsdepartementet har i perioden 2004 – 2008 i brev og i møter samt gjennom den eigarstyring som skjer i føretaksmøta hatt eit kontinuerleg fokus på oppfølging av juridisk rammeverk gjennom konkrete krav til internkontroll, avvikshandtering og risikostyring mv. Helse Vest har i same periode hatt fokus på utvikling av god verksemdstyring i heile føretaksgruppa. God verksemdstyring handlar om det system verksemda blir styrt og kontrollert etter for mellom anna å sikre oppfylling av lov- og myndigheitskrav og for å kunne nå dei mål og resultatkrav som blir sett.

For Helse Vest er risikohandtering, plan- og tiltaksarbeid, evaluering og kontrollaktivitetar med påfølgjande rutinar for korrigeringar sentrale faktorar innanfor dette arbeidet. For å sikre felles forståing og for å sikre at desse aktivitetane skjer på ein god, einskapleg og ønska måte har Helse Vest utvikla eit konsept for internkontroll. Konseptdokumentet følgjer saka som vedlegg.

Konseptet er utvikla gjennom eit prosjektarbeid som blei starta opp hausten 2007. Prosjektet har vore leia og bemanna av personell frå Helse Vest RHF med bistand frå PricewaterhouseCoopers AS (PwC).

Ei viktig oppgåve for styret er å sjå til at det er etablert tilfredsstillande internkontroll og å legge rammer og premisser for dette arbeidet. Administrerande direktør ønskjer derfor å forankre internkontrollkonseptet i styret.

Kommentarar:

Om konseptet

Dokumentet beskriver ein konseptuell overbygging som fortel korleis Helse Vest RHF organiserar og gjennomfører internkontroll. Internkontrollen skal sikre at aktiviteten i verksemda blir planlagd, organisert, utført og vidareført i samsvar med dei krav som rettar seg mot Helse Vest RHF. Konseptet vil ha status som eit policydokument, og det vil i forhold til underliggjande helseføretak vere retningsgivande for korleis ein der skal organisere sin internkontroll.

I dei innleiande kapitla i dokumentet (2 – 5) er det kort gjort greie for Helse Vest RHF sine hovudoppgåver, kva vi vil med dokumentet, kva krav som blir stilt til internkontroll og kva metode for internkontroll konseptet er basert på.


I kapittel 6 blir prinsippa for internkontroll omtala medan oppgåver og ansvar i forhold til internkontroll blir plassert i kapittel 7.

Dokumentet sitt hovudkapittel er kapittel 8 der det blir gjort nærare greie for dei ulike funksjonane i internkontrollen. Konseptet beskriv korleis Helse Vest er organisert og kva system ein har etablert for formidling og oppfølging av styringsbodskap og bestilling ovanfor underliggjande helseføretak og private leverandørar. Andre hovudfunksjonar i internkontrollen er risikostyring, dokumentasjon, etterleving og rapportering.

Med omsyn til risikostyring er det tenkt at denne skal vere ein integrert del av den pågåande aktivitet og verksemdstyring, og den skal skje på alle nivå i verksemda. Kvar føretak, kvar avdelinga eller kvart fagområde skal kunne lage sitt eige risikobilete over dei hendingar som vil ha eit negativt utfall på deira evne til å nå dei mål som er sett. Til kvar av desse hendingane vil det bli knytt ein sannsynlegheit og konsekvens samt kva tiltak som er sett i verk for å redusere denne risikoen. Dette risikobilete blir aggregert opp til eit høgare nivå der det kan bli samanstillt med risikobilete på dette nivået. Ein vil då få fram eit heilskapleg risikobilete for leiinga som også kan leggast fram for styret og eventuelt eigar. Det vises særleg til pkt 8.4 i konseptdokumentet.

For Helse Vest RHF vil det vere naturleg at ein gjennomgår oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte relatert til rapportert risikoprofil frå helseføretaka og frå avdelingane i RHFet. Basert på dette må ein vurdere om ein er komfortabel med risikobilete, eller om ein må gå attende i organisasjonen eller helseføretaka, og be om at det blir sett inn tiltak for å redusera risikoen. Det er tenkt at dette skal vere ein kontinuerleg prosess som sikrar at RHFet er kjent med risikoprofilen i føretaksgruppa.

Internkontrollkonseptet byggjer på den strategiske retning som er lagt i strategidokumentet Helse 2020. Helse Vest RHF har eller utviklar fleire slike policydokument eller konserndokument. Figuren under viser da plasseringa av dokumentet.



Til eit slikt policydokument vil det tilhøyre andre dokument som i større grad syner prosessar og rutinar for gjennomføring. Helse Vest har utvikla og etablert ein lang rekke slike rutinar som vil bli samla og vidareutvikla innanfor denne strukturen.

Til konseptet inngår to vedlegg. Vedlegg 1 gir eksempel og forslag til tiltak og dokumentasjon knytt til krava til innhald i internkontrollforskrifta, medan vedlegg 2 inneheld ein oversikt over aktuelle lovar og forskrifter gjeldande for Helse Vest RHF.

Vidare arbeid

I tillegg til at Helse Vest som ein oppfølging av arbeidet med konseptdokumentet, vil samle, vidareutvikle og eventuelt etablere prosedyrar og rutinar, er det behov for å operasjonalisere konseptet i føretaksgruppa. Ein sentral del av konseptet er formaliserte system for styring, kontroll og risiko. Helse Vest RHF har i styringsdokumenta for 2008 presisert ovanfor helseføretaka at dei skal gjere seg kjent med konseptet og tilpasse sine eigne internkontrollrutinar til dette.

Systemet for risikostyring er ein del av systemet for internkontroll og skal sikre at Helse Vest RHF har eit godt og riktig bilete av den risiko som kan hindre måloppnåing i føretaksgruppa eller manglande etterleving av lov- og myndigheitskrav. Helse Vest RHF vil straks setje i verk eit arbeid med å strukturere og implementere system for identifisering, evaluering, måling og rapportering av risiko basert på konseptet og den metodikk som det der er gjort greie for.

Arbeidet vil bli lagt opp slik at Helse Vest RHF vil vere i stand til å rapportere på risiko til Helse- og omsorgsdepartementet basert på denne risikostyringsmetodikk per 2. tertial 2008, jf. krav i protokoll frå føretaksmøtet 25. februar 2008.

Forslag til vedtak:

Styret sluttar seg til det framlagte konsept for internkontroll.

Vedlegg: Konsept for internkontroll